

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 14.09.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Lars-Johan Frøyland  
**SAKA GJELD:** **Status etablering av Sykehusinnkjøp HF**

**ARKIVSAK:** 2016/3164  
**STYRESAK:** **113/16**

**STYREMØTE:** **03.10. 2016**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tek saka til orientering.

## Oppsummering

Denne saka gjer greie for arbeidet med å etablere Sykehusinnkjøp HF, og om planane for å overføre innkjøpsmedarbeidarar frå Helse Vest Innkjøp HF og eventuelt Helse Vest RHF til Sykehusinnkjøp HF.

## Bakgrunn

Sykehusinnkjøp HF blei stifta 17.12.2015, og er eit felles eigd selskap, der dei fire regionale helseføretaka eig 25 % kvar.

Selskapet blei stifta som følgje av at Helse- og omsorgsdepartementet i føretaksmøtet den 7. januar 2015 gav følgjende oppdrag til dei regionale helseføretaka:

- *«Legge fram en plan for etablering av felles eid helseforetak for samordning av innkjøp innen 15. september 2015, jf. "modell A" i Utredning av nasjonal innkjøpsfunksjon – sluttrapport.*
- *Helseforetaket skal være etablert 1. januar 2016.*
- *Regionale ressurser og enheter skal innlemmes i helseforetaket innen 31. desember 2016. Helse Sør-Øst RHF ble bedt om å lede arbeidet.»*

I føretaksmøte for Sykehusinnkjøp HF den 25. januar 2016, fikk føretaket i oppdrag å etablere eit prosjekt som skulle ha to formål:

- *“å forberede, klargjøre og virksomhetsoverdra relevante ressurser innenfor regionenes og helseforetakenes innkjøpsressurser til Sykehusinnkjøp HF.*
- *å forberede og klargjøre helseforetakene til å ta imot tjenester fra Sykehusinnkjøp HF.”*

## Fakta

Styret i Sykehusinnkjøp HF har følgjande samansetning:

Steinar Marthinsen, styreleiar (Helse Sør Øst RHF)  
Per Karlsen, nestleiar (Helse Vest RHF)  
Ingerid Gunnerød, styremedlem (Helse Midt-Norge RHF)  
Anne Elisabeth Rødvei, styremedlem (Helse Nord RHF)  
Erik Håkonsen, styremedlem (ekstern)  
Cathrine Loenneken, styremedlem (ekstern)  
Kate Mari Hagen (tilsett repr.)  
Tor Einar Løkke Pedersen (tilsett repr.)

Styret har laga ein masterplan for etableringa av Sykehusinnkjøp, og det er satt opp eit etablerings-prosjekt for å rigge føretaket for oppstart. Masterplanen inneheld mellom anna datoar for overdraging av verksemd av innkjøpseiningane frå dei regionale helseføretaka med sine helseføretak. Desse datoene er:

- Medarbeidarar i Helseforetakenes Innkjøpsservice AS (HINAS) 15. oktober 2016

- Medarbeidarar i Sykehuspartner innkjøp og logistikk 1. november 2016
- Medarbeidarar i Helse Nord 15. november 2016
- Medarbeidarar i Helse Midt-Norge 1. desember 2016
- **Medarbeidarar i Helse Vest 1. desember 2016**
- Medarbeidarar i Helse Sør-Øst innen 31. desember 2016 (ambisjon)

Det nasjonale AD-møtet handsama i møte den 22.08.2016 masterplanen for Sykehusinnkjøp. Førebels referat har slik ordlyd:

1. *«AD-møtet slutter seg til at masterplanen (vedtatt av styret i Sykehusinnkjøp HF) følges, og at forutsetningene gitt i foretaksmøte 25. januar 2016 blir fulgt opp i tråd med oppdraget gitt Sykehusinnkjøp HF.*
2. *For å kunne virksomhetsoverdra enheter, for deretter å omstille internt i foretaket, må det settes som premiss at HINAS og øvrige innkjøpsenheter som overdras fortsetter med samme oppgaver i Sykehusinnkjøp HF som før overdragelsen til annet er bestemt i tråd med gitte rammebetingelser og føringer. Dette for å redusere risiko for at leveransene til kundene i overgangen mister kvalitet.*
3. *AD-møtet ber om å bli løpende orientert om fremdriften i leveransen i henhold til masterplanen og status for arbeidet i de regionale prosjektene.»*

Som det går fram av punkt 2 ovanfor ligg det no som eit tydelig premiss at einingar og medarbeidarar som blir overført til Sykehusinnkjøp skal ivareta dei same oppgåver som dei hadde før overføringa. I etableringsprosjektet blir dette omtala som ei «as-is»-overføring. Det betyr at dei regionale innkjøpsressursane blir organisert inn i Sykehusinnkjøp som egne divisjonar, for å sikre fokus og leveransar til «sine regionar». Det same skal gjelde for HINAS, som etter overføringa skal ha fokus på sin portefølje av eksisterande og komande nasjonale avtalar.

Styret og administrasjonen i Sykehusinnkjøp HF har eit tydeleg fokus på å sikre at selskapet er leveringsdyktig til helseføretaka straks dei tek over ansvaret for medarbeidarane innan innkjøp.

### **Kommentarar**

For å kartlegge og gje grunnlag for å vedta overføring av relevante innkjøpsressursar frå regionane, er egne regionale prosjekt nå under etablering. For å sikre ei mest mogleg heilskapleg tilnærming til og gjennomføring av prosjekta i kvar region, har det nasjonale etableringsprosjektet utarbeid eit felles mandat og felles malverk for desse regionale prosjekta.

Kvart regionale helseføretak vil ha leveranseansvar for sitt regionale prosjekt. Det nasjonale etablerings-prosjektet vil som nemnd gjere klar metodikk og malverk, samt bistå med koordinering og fasilitering av arbeid.

Ei viktig oppgåve for dei regionale prosjekta er å identifisere og arbeide fram forslag til framtidig funksjonsfordeling mellom Sykehusinnkjøp HF og dei regionale helseføretaka med underliggjande helseføretak. Denne funksjonsfordelinga vil danne grunnlag for at kvar region

saman med sine helseføretak kan lage ein oversikt over kva for medarbeidarar som skal bli overført til Sykehusinnkjøp HF.

I Helse Vest er store delar av det arbeidet som dei regionale prosjekta skal gjennomføre, allereie gjort.

Gjennom etableringa av Helse Vest Innkjøp HF i 2015 er innkjøpsressursane i all hovudsak samla, og gjennom samarbeidsavtalen som er inngått mellom helseføretaka og Helse Vest Innkjøp HF er roller og arbeidsoppgåver avklart. Ein legg til grunn at den funksjons- og arbeidsfordeling som er avtalt i samarbeidsavtalen mellom helseføretaka og Helse Vest Innkjøp HF blir vidareført når medarbeidarane i Helse Vest innkjøp blir overdradd til Sykehusinnkjøp HF. Like fullt er det et par område som det regionale prosjektet i Helse Vest må drøfte og endeleg avklare. Desse er:

- Kjøp av helsetjenester
- Forvaltning av register (eks. leverandørregister)

I tillegg må ein avklare om, og i tilfelle kva for bestillarfunksjon/strategisk innkjøpsfunksjon som skal vere igjen i Helse Vest RHF.

Det regionale prosjektet i Helse Vest blir organisert med leiargruppa i Helse Vest RHF (utvida med ein representant frå dei konserntillitsvalde) som styringsgruppe. Direktørmøtet i Helse Vest blir halden orientert gjennom hausten. Prosjektet blir rigga med ei hensiktsmessig prosjektgruppe. Helse Vest RHF etablerer prosjektleiing.

Følgjande tentative milepælsplan er utarbeidd:

Milepæl	Dato	Tekst
#1	05.09.2016	Orientering i <b>direktørmøtet i Helse Vest</b>
#2	03.10.2016	Orienteringssak til styret i <b>Helse Vest RHF</b>
#3	05.10.2016	Styret i <b>Helse Vest innkjøp HF</b> fattar vedtak om overdraging av verksemd
#4	02.11.2016	Styret i <b>Helse Vest RHF</b> fatter vedtak om overdraging av verksemd og avvikling av Helse Vest Innkjøp HF
#5	21.11.2016	Styret i <b>Helse Vest Innkjøp HF</b> fatter vedtak om avtale med Sykehusinnkjøp HF knytt til overdraging av verksemd
#6	Ultimo nov	Føretaksmøte <b>Helse Vest Innkjøp HF</b>
#7	01.12.2016	<b>Overføring</b> av medarbeidarar frå Helse Vest Innkjøp HF til Sykehusinnkjøp HF.

## Konklusjon

Styret tar saka til orientering.